

Gjørli - Gjørlien (gnr. 82)

Gjørli: Namn som kan koma av kvinnenavnet G y r i, men det må seiast å vera uvisst. Skrivemåten av namnet har skifta mellom Gjørlien og Jørlien. Namnet hører elles til den store gruppa der dativforma har gått over til å bli nemneform.

I skrevne kjelder finn ein Gjørlien matrikkelført i 1668. Garden var da bondegods av ½ huds skyld, og brukaren der heitte Engebret. Buskapen av store var 1 hest og 4 naut, og korntiendavart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tn. Elles er det fortalt at det var lite av åker og eng, ingen skog, og setra låg til fjells. I matrikkelframlegget av 1723 er det fleire og nyare opplysninger om gardane. Der er det om "Gjørlien" fortalt at landskylda framleis var ½ hud, men husdyrhaldet på garden var da: 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæden var kring 3 tønner bygg. Det er vidare opplyst at garden i den tid hadde skog til brenneved og gjerdefang og noko til hustømmer. Det var seter til god hamn og utslåttar til 7 lass høy. Eigar og brukar av garden var da Syver Arnesen, som skulle bli ættefar til 7 generasjonar i Gjørlien. Syver Arnesen døde elles alt i 1725, og det var da skifte i "Gjørlien". Ved dette skiftet er elles landskylda av garden oppgitt berre til 4 skinn, og arvebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 189 rd. og netto 149 rd. Det går elles fram at Syver Arnesen hadde vore gift to gonger, først med Ragndi Engebretsdtr., og så med Kjersti Nilsdtr., og at det var born i båe ekteskap, tilsm. 9. Den eldste sonen i andre ekteskap, som skulle overta garden var da 32 år, og det er om fullsøster hans, Sigrid, fortalt at ho var gift med Lars lille Backe, og at halvsøstra, Marit, var gift med Gunder Hage.

Arne Syversen, som overtok garden, gifta seg i 1730 med Marit Asbjørnsdtr., og dei fekk 4 born. Det var: 1. Asbjørn født 1732, 2. Syver f. 1733, 3. Kjersti f. 1735, 4. Eli f. 1738. I Arnes brukartid går det elles fram at det var eit jordbruk av namn Mourud under Gjørlien. Brukaren der i Mourud heitte i 1844 Jacob, og han fekk da døypt ein son som dei ga namnet Johans. Av ei sak av 1751 går det vidare fram at Mourud var husmannsplass under Gjørlien. Saka er etter ei utskrift av tingboka referert slik: "Mourud: Bøxelseddel dat. og tinglest 4. oktober 1751. Fra Arne Jørlien av Faaberg prestegjeld til Jacob Gudmundsen paa en under hans gaard Jørlien til og underliggende husmannsplads Mourud kaldet beliggende ved akerjordet mot aarlig husleie 1 rd 2 ort i aarsarbeide."

År 1760 var det atter brukarskifte i Gjørlien. Elste sonen Asbjørn Arnesen tok da over garden og gifta seg i 1763 med Ane Johansdtr. Nordhove f. 1735. Asbjørn og Anne Gjørlien fekk elles i sitt ekteskap berre 2 barn. Det var 1. Arne f. 1764, 2. Johannes f. 1768, som i vaksen alder dreiv som hjulmakar. Fra denne tid er dessutan ei sak om odelsretten, med di ein odelspretendant Peder Syversen fekk lyst sin odelsrett til garden, men odelskravet hans vart visstnok ikke funne å vera i orden. Asbjørn Arnesen f. 1764 var eigar og brukar av Gjørli til i 1794. Da skjøta han den 18. juni same året garden til eldste sonen sin, Arne f. 1764, for kjøpesum 399 rd. – Arne Asbjørnsen Gjørlien f. 1764 var gift med Anne Rasmusdtr., og dei fekk og to born: 1. Anne f. 1798, 2. Asbjørn f. 1801.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 fire familiar i Gjørlien.

Det var: 1. familie: 1. Arne Asbjørnsen, husbonden, 37 år, 2. Anne Rasmusdtr., kona hans 26 år, 3. Anne Arnesdtr., dotter deres, 3 år, 4. Fredrich Hansen, tenestkar, 21 år, 5. Agnete Hansdtr., tenestkvinne 22 år, 6. Anne Andersdtr., tenestkvinne, 18 år. 2. familie: 1. Asbjørn Arnesen, far til husbonde, føderådsmann, 69 år, Anne Johansdtr., kona hans, 66 år, 3. Johannes Asbjørnsen, regimentsbørsemaker, 33 år, 4. Kjersti Arnesdtr., søster til føderådsmannen, 70 år. 3. familie: Poul Erichsen, innerst med jord, skredder, 24 år, 2. Sønnøv Olsdtr., kona hans. 4. familie: 1. Jacob Gudmundsen, husmann med jord, 80 år, 2. Barbro Johansdtr., kona hans, 78 år, 3. Maria Larsdtr., hushjelp, 56 år.

Men i 1803 døde husmora, Anne Rasmusdr., berre 34 år gamal. I samband med dødsfallet var det så atter skifte på "Gjørlien i Lillehammer, Faaberg". ved dette skiftet vart garden Gjørlien taksert for 600 rd, og dødsbuet utgjorde brutto 961 rd. og netto 869 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enkemannen Arne Asbjørnsen dei to borna : Anne 5 år, og Asbjørn 3 år.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matr.framlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. Gjørlien oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga kunne vera kring 42 tønner. Det er elles opplyst at det var 2 husmannsplassar til garden

Asbjørn Arnesen f. 1764 gadde Gjørli til 1822. Da skjøta han garden til sonen Asbjørn f. 1801. Den nye husbonden Asbjørn Arnesen gifta seg same året med Berte Toresdr. Arlien f. 1802, og dei fekk 3 born. Dei var: 1. Arne f. 1825, 2. Johannes f. 1826, Tonetta f. 1830, gift 1853 med Halvor Olsen Baardseng. Asbjørn Arnesen var framleis eigar og brukar av Gjørli i 1838. Ved matrikuleringa av gardane det same året fekk Gjørlien som ny skyld 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, som var nett det same som på søre Haustmælingen. – I 1840-åra var det utskifting av sameigeskog i Fåberg. I 1846 var det såleis takst og utskifting av Faaberg østre Almanning, og i 1842-1848 var det utskifting av to skogstykke "Jederudmarken og Baglien kaldet".

Asbjørn Arnesen f. 1801 hadde Gjørli til 1865. Da skjøta han garden til sonen Arne Asbjørnsen f. 1824 for kjøpesum 1 000 spd. og eit føderåd verdsett til 300 spd. – Same året var dei store folke- og jordbrukstellingane i 1865. I samband med dei vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane.

Der er det såleis oppgitt om grd. Gjørli at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer tilsm. utgjorde 222 mål, og aav dette var 78 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Gjørlien gard var 3 hestar, 13 storfe og 29 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden 6 storfe og 18 småfe. Ført på same måten var den årlege utsæden på sjølve garden 101 tønner korn og 7 tn. settepoteter. Men dertil var utsæden på husmannsplassane ca. 3 tn. korn og 4 tn. settepoteter.

I denne tida er det elles fortalt at Asbjørn Arnesen gav husmannsseddel til Peder Pettersen og kona og arvingar på plassen Gjørlihagen. Så å seia samtidig gav og Arne Gjørlien husmannskontrakt til Halvor Olsen Baardseng på eit stykke "Engeland m.m. til Brug og Bebyggelse som Plads". Vidare gav Arne og Asbjørn Gjørlien husmannskontrakt til Ole Gulbrandsen og kone og barn på "en Deel af Pladsen Maurud".

År 1868 kjøpte så lærar Ole J. Bjørke grd. Gjørli ved auksjon for 1710 spd.+ føderåd. – I den tid var det elles atter utskifting av sameigeskog. I 1874 vart såleis Afskokelien og Øiaamoens sameige utskifta, og i 1881 vart Kvandalen seter fråskilt Gjørlien og skyldlagd for 1 ort 1 skilling.

Fem år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Gjørli i Fåberg fekk da nytt eige gardsnr., nr. 82, av samla skyld 10,52 mark, og det var da to bruksnr. under gardsnr. 82 Gjørlien. Det var: A. Grn. 82, brn. 1 Gjørlien av skyld 10,17 mark, som lærar O. Børke framleis var eigar og brukar av, b. brn. 2 Kvandalen (Sæter), skyld: 0,17 mark, som Ole Hansen Haustmælingen framleis hadde.

Etter atter fem år gav i 1891 klasselærar Ole Johannessen Børke skjøte til sonen Rolf Børke på grd. Gjørlien for kjøpesum kr. 8 000,-. Etter atter fem år vart i 1896 brn. 3 Gjørlihagen og skyldsett ifrå og selt til Amund Paulsen for kr. 1000,-.

Lærar Ole Børke, Veldre, f. ca. 1830, som kjøpte Gjørli i 1868, var gift med Lise Ulven, og dei fekk flere born: Dei var: 1. Johannes, født 1856, gift med Aadel Brun, 2. Sofie f. 1858, g. m. Olaf Johanessen, 3. Per f. 1861, g. m. Andora Staalhane, 4. Karen f. 1863, g. m. Bernt Snilsberg, 5. Ragna f. 1866, ugift, 6. Rolf f. 1868, g. m. Gudrun Homb, 7. Olaf f. 1872, g. m. Ida Larsen, 8. Signe f. 1877, ugift.

Ole Børke, som kjøpte Gjørliia ved auksjon i 1868, hadde garden til i 1894, da han skjøta Gjørliia til i 1894, da han skjøta Gjørliia til sonen Rolf Børke for kjøpesum kr. 8000,-. Rolf Børke f. 1868 og Gudrun Homb f. 1872 fekk og 8 born. Det var: 1. Karen f. 1896, ugift, 2. Ove f. 1898, g. m. Ruth Ekker, barn: a. Karen Inger f. 1947, b. Gudrun f. 1950. 3. Eivind f. 1900, g. m. Thorlaug Hovland, død 1951, seinare gift med Else Amundsen; barn I 1. ekteskap: a. Rolf, b. Lise. 4. Elisabeth f. 1902, g. m. Kristian Sørlien, barn: a. Arne, b. Gudrun, c. Kari. 5. Reidar f. 1903, g. m. Astri Skjeggestad, barn: Berit f. 1947. 6. Astri f. 1905, g. m. Arne Myhren, barn: Gudrun og Martin. 7. Ragnhild f. 1907, g. m. Reidar Viland, barn: Aase, Turid og Elisabeth. 8. Arne f. 1909, g. m. Synnøve Boxnes, born: Rigmor.

Av handlar med grd. Gjørlien i seinare tid tek vi så til slutt med at i 1927 tok så sonen Ove Børke over garden etter faren Rolf Børke.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det under gnr. 82 Gjørlien 3 bruk med delt jordbruksareal på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gnr. 82, brn. 1 Gjørlien med eit jordbruksareal på 210 mål, som Ove Børke framleis var eigar og brukar av, b. brn. 3 Gjørlihagen, areal ca. 12 mål, eigar og brukar: Anton Skårstad.